

Styremøte i SFSG i Skei

23.06. 2014

Til stades:

Ragnhild Sæle
Lars Nesse
Jo Risløv
Odd Jarle Øvreås
Lene Engvik Rasch

27/14 Kort tilbakemelding frå styremedlemene frå arrangement dei har delteke på.

Ragnhild: Kontaktutvalet for rovviltsaker i Sogndal 11. juni.

Odd Jarle: Møte i avlsutvalet 10. juni i Førde.

Jo: Matfest i Sandane 29. april

28/14 Resultat/balanse pr. 23.06.2014

Me tek rekneskapet til vitande.

29/14 Val av vararepresentant for styrerepresentant, til avlsutval for sau, gjetarhundnemnda og geitegruppa.

Dette for å halde kontakt ved forfall av faste medlemmar.

Odd Jarle: vara i avlsutvalet.

Lars: vara i gjetarhundnemnda.

Lene: vara i geitegruppa.

30/14. Søknad om økonomisk støtte til «Matfest» 29.04.14.

Me utset saka til neste styremøte, når me har rekneskapet.

31/14 Søknad om å få dekke underskot gjetarhundprøve.

Det er kome inne ein søknad frå Nordfjord gjetarhundlag om å få dekke underskotet på ein gjetarhundprøve 10.03.13. Rekneskapet, for Nordfjord gjetarhundlag, for 2013 syner at rekneskapet går i pluss, difor går ikkje SFSG inn med stønad.

32/14 Geitedagane 2014

SFSG dekkjer dagpakke for leiar, og reise/ opphald på Jo Risløv.

33/14 Status årsrapport frå lokallaga.

Me har fått inn 32 årsrapportar til no. Håpar på fleire.

34/14 Fellesmøte med Fylkesmannen

Det er dårleg tillit mellom SNO og sauebøndene fleire stader i fylket. Det blir difor eit møte mellom sauebønder/ beitelag/ lokallagsleiarar på Sande i november. Førebels dato er fredag 7. november, med påfølgjande leiarsamling på Skei 8. november.

35/14 Fagtur til Island

Det blir fagtur til Island i oktober. (Programmet ligg på heimesida.) Har vore god interesse.

36/14 Søknad om stønad til 4h-leir i Førde

Me vil støtte dette tiltaket med 500 kr. Lene sender svar.

37/14 Ymse

-Utviking av nytt system for sporing av husdyr. Lars skjekker opp i dette.

-Skrive lesarinnlegg i lokalaviser: oppmode til å dokumentere/ seie i frå viss ein kjem over kadaver, eller sjuke/ skadde dyr. Ragnhild jobbar vidare med dette.

-Geitehelg 22.- 23. november

-Geitegruppa er uendra, bortsett frå at Ola Søgnesand går ut.

Ref. Lene Engvik Rasch

-sign-